

Lyseparken

Retningslinjer for bygg og landskap med blågrøne løysingar

Os kommune



Planid: 1243_2004030

Saksnr: 14 / 3561

Dato: 31.08.2018

Innhald

1	<i>Innleiing, metode og definisjonar</i>	4
	Viktige definisjonar	5
2	<i>Dei ulike delfelta</i>	9
	BN1.....	9
	BN2.....	11
	KBA1.....	13
	KBA2.....	15
	KBA3.....	17
	KBA4.....	19
	KBA5.....	21
	KBA6.....	23
	KBA7.....	25
	KBA8.....	27
	KBA9.....	29
	KBA10.....	31
	KBA11.....	33
	KBA12.....	35
	KBA13.....	37
	o_BU.....	39
	B1	41
	B2	43
	SAA.....	45
	Blågrøn korridor sentralt i KBA3, -4, -6, -7 og o_BU	47
	Parkområde i nord	49
	Blågrøn korridor sentralt i KBA11	51
	Grøn akse sentralt i KBA10/KBA11	53
3	<i>Planteliste</i>	55

1 Innleiing, metode og definisjonar


Vedtatt planprogram for Lyseparken legg til grunn at det skal følgje Retningslinjer til områdereguleringsplanen. Retningslinjene utfyller reguleringsføresegnene og viser korleis Os kommune har tenkt utvikling av kvart delområde innanfor planen. Retningslinjene her skal tene som ei rettesnor for investorar, utbyggingsfirma, for kommunen og andre aktørar i Lyseparken.

Retningslinjene er ikkje juridisk bindande. Dersom ein vel å sjå bort frå dei kan det utløyse krav om detaljregulering. Ambisjonen er å kunne gå rett frå vedteke områdeplan til byggjesak.

Til kvart delområde følgjer det her ein tekst og illustrasjonar som viser aktuell utbyggingsform og hovudløyningar for kvart delområde. Det vert og vist til «VA-rammeplan», datert: 22.08.18, med vedlegga «GH-102» og «GH-103», «Illustrasjonsplan», datert: 31.08.18, og saman med retningslinjene.

Rapporten er laga i samarbeid mellom ABO Plan & Arkitektur AS, Rever og Drage AS og Migrant AS.

Områdeprogram



Kart som illustrerer områdeprogrammet

Sidan 2003 har dette planområdet vore sett av til næring i kommuneplanen. Felles arealplan for næringsparken har vore knytt til vegparsell for E39. Svegatjørn – Lyseparken og E39 vart vedtatt i 2006. Planen vart seinare revidert i 2012. Ny parsell av E39 forbi Lyseparken skal opne i 2022. Kommunen arbeider i 2018 med ein framtidorientert områdereguleringsplan for Lyseparken. Planen skal dekkje internasjonale, regionale og kommunale standardar og mål for miljø, økonomisk berekraft og ei klimatilpassa utvikling av samfunnet. Os kommune ønsker å samle grupper av innovative næringsverksemdar. Verksemdar i næringsparken skal nytte lokale energiressursar og ta ny teknologi i bruk på smarte måtar.

Fortrinn til Lyseparken er at infrastruktur og felles system på område som energi kan byggast frå grunnen av. Kommunen ønskjer fleire lokale arbeidsplassar. Os vil tilby eit område der flinke hender, kloke hovud og innovative verksemdar kan sette i gong ny næringsarkivitet.

Planområdet har eit område i nord og eit i sør. Desse er delt av eit LNF-område. I samband med bygging av E39, vert det bygt ein sentral plassert fylkesveg. Fylkesvegen Åsen - Hellskaret går gjennom planområdet. Ny fylkesveg skal knyte saman noverande og nye bustadar i Lysefjorden i vest med denne nye næringsparken og ny E39.

Områdereguleringa her legg til rette for omlag 700 000 m² BRA og ein samla utnyttingsgrad på 160 % BRA. I framlegg til ny plan vert det lagt til rette for industri og fleire temaklyngar av næring i samsvar med eit områdeprogram. Kommunestyret i Os skal i dei komande 15 åra følge opp innhaldet i områdeprogrammet innanfor vedtekne og framtidige rammer.

Viktige definisjonar

Områdereguleringsplan

Til områdereguleringsplanen av 2018 følgjer det med formelt plankart og 3 illustrasjonsplanar, ein for bygg, ein for LNF og ein for infrastruktur. Etter plan og bygningslova er ein områdereguleringsplan definert slik; § 12-2. *Områdeplan kan nyttast av kommunen der det er krav om slik plan i kommuneplanens arealdel, eller kommunen finn at det er behov for å gi meir detaljerte områdevis avklaringar av arealbruken. Områderegulering vert utarbeidd av kommunen. Kommunen kan likevel overlata til andre mynde og private å utarbeide forslag til områderegulering.*


Områdeprogram: tar utgangspunkt i avgrensinga til delområda i områdereguleringsplanen og definerer kva for aktivitet/bedrift som kan etablera seg i kvart delområde. Dersom tiltak avviker vesentleg frå områdeprogrammet vil det utløyse krav om ny detaljregulering av delområde.

Delområde

Utbyggingsområda i Lyseparken områdereguleringsplan av 2018 er delt i 19 delområde. Kvar av disse kan være ei utbyggingseining i tilrettelegging og utvikling. I rapporten vidare er og dei viktigaste blågrøne sonene skildra på systematisk vis.

Os-modellen

Os-modellen er tenkt som ein effektiv veg frå områdeplan til byggesak. Siktemålet er at ein skal kunne søke byggjeløyve utan å gå vegen om ny detaljregulering. Dermed sparar alle involverte, offentleg og private, ressursar, både tid og kostnadar.



Situasjonsplan

Situasjonsplanane følgjer normalt eit delområde. Dei skal ligge føre som grunnlag for byggjesøknadane. Ansvar for å utarbeide plan ligg på komande og nye eigarar. Det kan vere både kommunen eller private investorar, eller selskap med både offentlege og private eigarar. Situasjonsplanen vil mellom anna sjå til at krav til utnytting og høgder løysast samla for kvart delområde.

Prosedyrekrav til ein søknad om byggjeløyve, som følgjer områdeprogrammet:

Modellen skil seg vesentleg i tid i høve til krav om detaljregulering for alle delområde. Søknad om tiltak og bygging etter situasjonsplan skal ha teknisk og fagleg dokumentasjon som samsvarar med plankartet og dei relevante underpunkta i føresegnene, kapittel 2 Fellesføresegner og 4 Føresegner for arealformål.


For kapittel 2.7 Krav til utforming av bygg og landskap, som særskilt omhandlar formgjevinga, gjeld at kommunen si vurdering av arkitektonisk kvalitet må vere tufta på skjønn. Det same gjeld kapittel 2.10 Utelagring. Her skal arkitektar og andre formgjevarar ha tilstrekkeleg armslag til å oppfylle ambisjonar om høg arkitektonisk kvalitet i samsvar med temaplanane, særleg for energi.¹

¹ Kommunen kan skipe eit fagleg utval som følgjer utviklinga av Lyseparken med ansvar som rådgjevande organ for kommunens bygningsmyndigheit. Eit slikt «estetisk utval» fylgde utbygginga av Oslo lufthamn Gardermoen.

Områdereguleringsplan




Illustrasjonsplan



2 Dei ulike delfelta

Delområde	BN1 (Næringsbygg)
Innhald (Områdeprogram)	Industripark og kontor
Areal	46 570 m ²
Utnyttingsgrad	175 % BRA
Planeringshøgder	k+73,5m, k+77,5m, k+83,5m
Skildring av <ul style="list-style-type: none"> ▪ Arkitektur ▪ Byggjehøgder 	<p>Feltet har ein typologi som er bygd opp av ein base på 2 etasjar, med lettare og tilbaketrekte volum over. Dei lettare voluma frå 3. etasje skal sjåast saman med nabobygg (lysinnslipp og utsikt) men skal også gje variasjon og mangfald i gateløpa. Feltet har 3 planeringshøgder og avkøyringar frå veggen. Varierende høgder og solforhold fører til at dei høgare bygga ligg inst mot tilstøytande LNF område, og lågare bygg ligg mot tilkomstvegen. Feltet bør sjåast i samanheng med BN2 (som har same typologi).</p> <p>Byggjehøgde for høgaste del er 38 m over gjennomsnittleg nytt planert terreng.</p>
Landskap/utomhus <ul style="list-style-type: none"> ▪ Blå-grøn struktur ▪ Markdekke ▪ Planting ▪ Lys og skilt ▪ VA-rammeplan 	<p>Ein grøn samanhengande struktur strekk seg frå BN1 til BN2, følger internveg og skil gåande frå køyrande fleire stadar. Semipermeable overflatar (t.d. grasarmering) gir tilkomst for køyretøy ved naudstilfelle. Overvatn vert nytta i dagen til å forme vassvegar, vassbed og vass-spegl, og følger den grønne strukturen. Nivåovergongar vert terrassert.</p> <p>Trekkjer skal plantast mot veggen, ref. illustrasjonar neste side.</p> <p>Felles lys- og skiltplan skal følgjast.</p> <p>Området høyrer til nedslagsfelt A som er omtalt i VA-rammeplan. Nedslagsfeltet omfattar nedbør frå industriområdet og Lauvåsen. Overvatn frå Lauvåsen vert avskore i bakkant av industriområdet og vert leia vidare langs ei skjering utforma som ein bekk og vidare ned til Sjøbøelva. Inne i industriområdet skal det nyttast permeable flatar og i området skal det byggjast infiltrasjonsgrøfter/vadier (grønne soner langs flaumbekk).</p>
Tilkomst <ul style="list-style-type: none"> ▪ Køyrande ▪ Syklende ▪ Gåande ▪ Varelevering ▪ Nødetatar ▪ Intern buss ▪ Renovasjon 	<p>Det er tre avkøyrslar til delområdet, ein til kvar av planeringshøgdena, som gjev tilkomst til intern veg, bygg, parkering, parkeringskjellar og snuareal. Varelevering skjer frå gate og i samanheng med nedkøyring til parkeringskjellar.</p> <p>Tilkomst for nødetatar langs fasadar utan vegtilkomst skjer via semipermeable overflatar (grasarmering/stein på tilrettelagt mark).</p> <p>Det skal vere låg biltrafikk internt i Lyseparken og det vert derfor lagt til rette for kantstopp.</p> <p>Renovasjonsteknisk avfallsplan (RTP) for næringsavfall skal utarbeidast for delområdet. Løysingar for kvart bygg skal omtalast i RTP.</p>
Parkeringsløysing <ul style="list-style-type: none"> ▪ Sykkel ▪ Bil ▪ Gjesteplassar 	<p>Parkering for bil finst i parkeringskjellar, samt noko gateparkering parallelt med intern gate. Til parkeringskjellar nyttar ein ei felles nedkøyring mellom bygga. Sykkelparkering løysast på terreng langs fasadane og i parkeringskjellar eller rom i 1. etasje. Gjesteparkering skal i hovudsak skje i parkeringskjellar.</p>
Energiløysingar <ul style="list-style-type: none"> ▪ Tilknytting til nett ▪ Lokale løysingar 	Ja.



Utdrag av illustrasjonsplanen som viser BN1



Perspektiv mot vest




Perspektiv frå gateplan mot vest



Perspektiv og oversikt mot nord

Delområde	BN2 (Næringsbygningar)
Innhald (Områdeprogram)	Industripark og kontor
Areal	29 470 m ²
Utnyttingsgrad	185 % BRA
Planeringshøgder	k+86m, k+88m, k+93m, k+98m, k+101m
Skildring av <ul style="list-style-type: none"> ▪ Arkitektur ▪ Byggehøgder 	<p>Feltet har same typologi som på BN1, som er bygd opp av ein base på 2 etasjar, med lettare og tilbaketrekte volum over. Dei lettare voluma frå 3. etasje skal sjåast saman med nabobygg (lysinnslipp og utsikt), men skal også gje variasjon og mangfald i gateløpa. Feltet har 5 planeringshøgder og avkøyningar frå veggen. Varierende høgder og solforhold fører til at dei høgare bygga ligg mot nordaust og lågare bygg ligg mot sørvest.</p> <p>Byggehøgde er satt til inntil 50 m over gjennomsnittleg planert terreng.</p>
Landskap/utomhus <ul style="list-style-type: none"> ▪ Blå-grøn struktur ▪ Markdekke ▪ Planting ▪ Lys og skilt ▪ VA-rammeplan 	<p>Ein grøn samanhengande struktur strekk seg frå BN1 til BN2, følger internveg og skil gåande frå køyrande fleire stadar. Semipermeable overflatar (t.d. grasarmering) gjev tilkomst for køyretøy ved naudstilfelle. Overvatn vert nytta i dagen til å forme vassvegar, vassbed og vass-spegl, og følgjer den grøne strukturen. Nivåovergongar vert terrassert.</p> <p>Felles lys- og skiltplan skal følgjast.</p> <p>Området høyrer til nedslagsfelt A omtalt i VA-rammeplan for Lyseparken. Nedslagsfeltet omfattar nedbør frå industriområdet og Lauvåsen. Overvatn frå Lauvåsen vert avskore i bakkant av industriområdet og leia vidare langs ei skjering utforma som ein bekk og vidare ned til Sjøbølva. Inne i industriområdet skal det nyttast permeable flater og området skal etablerast med infiltrasjonsgrøfter/vadiar (blaute soner land langs flaumbekk).</p>
Tilkomst <ul style="list-style-type: none"> ▪ Køyrande ▪ Syklande ▪ Gåande ▪ Varelevering ▪ Nødetatar ▪ Intern buss ▪ Renovasjon 	<p>Det er fem avkøyrslar til delområdet, ein til kvar av planeringshøgdena, som gjev tilkomst til intern veg, bygg, parkering, parkeringskjellar og snuareal. Varelevering skjer frå gate og i samheng med nedkøyning til parkeringskjellar.</p> <p>Tilkomst for nødetatar langs fasadar utan vegtilkomst skjer via semipermeable overflatar (grasarmering/gjennomtrengelig stein).</p> <p>Internt i Lyseparken vert det lagt til rette for kantstopp.</p> <p>Renovasjonsteknisk avfallsplan (RTP) for næringsavfall skal utarbeidast for delområdet. Løysingar for kvart bygg skal omtalast i RTP.</p>
Parkeringsløysing <ul style="list-style-type: none"> ▪ Sykkel ▪ Bil ▪ Gjesteplassar 	<p>Parkering for bil finst i parkeringskjellar, samt noko som gateparkering parallelt med intern gate. Nedkøyning til parkeringskjellar løysast i hovudsak som ei felles nedkøyning mellom bygg. Sykkelparkering løysast på terreng langs fasadane og i parkeringskjellar eller rom i 1. etasje. Gjesteparkering skal i hovudsak skje i parkeringskjellar.</p>
Energiløysingar <ul style="list-style-type: none"> ▪ Tilknytning til nett ▪ Lokale løysingar 	Ja.



Utdrag av illustrasjonsplanen som viser BN2



Perspektiv mot vest



Perspektiv frå gateplan mot vest



Perspektiv og oversikt mot nord

Delområde	KBA1 (Kombinert byggje- og anleggsføre mål)
Innhald (Områdeprogram)	Service og kontor
Areal	12 740 m ²
Utnyttingsgrad	240 % BRA
Planeringshøgder	k+71m
Skildring av <ul style="list-style-type: none"> ▪ Arkitektur ▪ Byggehøgder 	Området har berre eitt bygg. Det tek opp skilnaden i nivå mellom veg mot nordvest og park- og idrettsanlegg på BU mot søraust. Bygningskroppen rammer inn ein liten plass framfor bygget som markerer inngongen. Byggjehøgde er satt til inntil 26 m over gjennomsnittleg planert terreng.
Landskap/utomhus <ul style="list-style-type: none"> ▪ Blå-grøn struktur ▪ Markdekke ▪ Planting ▪ Lys og skilt ▪ VA-rammeplan 	Plantning av tre gjerast som ein grøn buffer mot veg og rundkøyring. Felles lys- og skiltplan skal følgjast. Området høyrer til nedslagsfelt B. Nedslagsfeltet er ikkje stort nok til opparbeiding av ein bekk med vatn i ein normalsituasjon. Uteareal skal opparbeidast med grønne uteareal som skal gi plass til overvatn og er utforma slik at grøntområde har kapasitet til å ta unna vatn ved flaumsituasjonar. Grøne tak og infiltrasjon i regnbedd kan nyttast som tiltak for infiltrasjon/fordrøying av vatn.
Tilkomst <ul style="list-style-type: none"> ▪ Køyrande ▪ Syklende ▪ Gåande ▪ Varelevering ▪ Nødetatar ▪ Intern buss ▪ Renovasjon 	Det er ei avkøyring til delområdet som gjev tilkomst til bygg, parkering, parkeringskjellar og snuareal. Varelevering skjer i tilknytning til parkeringskjellar. Tilkomst for nødetatar langs fasadar utan vegtilkomst skjer via semipermeable overflatar (grasarmering/med stein som dannar ei halvope markdekke). Internt i Lyseparken vert det lagt til rette for kantstopp. Renovasjonsteknisk avfallsplan (RTP) for næringsavfall skal utarbeidast for delområdet. Løysingar for kvart bygg skal omtalast i RTP.
Parkeringsløysing <ul style="list-style-type: none"> ▪ Sykkel ▪ Bil ▪ Gjesteplassar 	Sykkelparkering er knytt til hovudinngang. Parkering og gjesteparkering for bil skal finne stad i parkeringskjellar, med noko gjesteparkering på terreng ved plass ved hovudinngang.
Energiløysingar <ul style="list-style-type: none"> ▪ Tilknytning til nett ▪ Lokale løysingar 	Ja.



Utdrag av illustrasjonsplanen som viser KBA1



Perspektiv mot vest




Perspektiv frå gateplan mot nordaust



Perspektiv og oversikt mot øst

Delområde	KBA2 (Kombinert byggje- og anleggsføre mål)
Innhald (Områdeprogram)	Næringsmiddel og kontor
Areal	19 400 m ²
Utnyttingsgrad	145 % BRA
Planeringshøgder	k+85m, k+87m og på eksisterande terreng
Skildring av <ul style="list-style-type: none"> ▪ Arkitektur ▪ Byggehøgder 	Ein smal, terrassert lamelltypologi definerer området. Dette gjev sikt-liner mellom bygga mot naturlandskapet. Bygga trappast ned og følger terrenget ned mot naturvernområdet. Byggehøgde er satt til inntil 22 m over gjennomsnittleg planert terreng.
Landskap/utomhus <ul style="list-style-type: none"> ▪ Blå-grøn struktur ▪ Markdekke ▪ Planting ▪ Lys og skilt ▪ VA-rammeplan 	Ein grønstruktur med sti dannar overgangen mellom delområdet og naturvernområdet. Grøne sonar mellom bygga koplar øvre nivå ved veggen ned til naturvernområdet. Nivåovergangar løysast på ein så naturleg måte som mogleg, utan for mange høye murar. Felles lys- og skiltplan skal følgjast. Området høyrer til nedslagsfelt C, som også inkluderer naturvernområdet. Her er det naudsynt å ivareta vassbalansen i naturvernområdet og sikre at reint vatn vert tilført området. KBA2 skal opparbeidast med ein sone langs grensa mot naturvernområdet. Sona skal utformast som plantebedd der regn og overflatevatn kan infiltrerast og reinsast før det renn ut til LNF-/naturvernområdet.
Tilkomst <ul style="list-style-type: none"> ▪ Køyrande ▪ Syklende ▪ Gåande ▪ Varelevering ▪ Nødetatar ▪ Intern buss ▪ Renovasjon 	<p>To avkøyringar for køyretøy frå veg mot nord gjev tilkomst til snuareal, parkering på terreng og parkeringskjellar med nedkøyring langs nordfasade. Varelevering skjer hovudsakleg her. Inngong(ar) er lagt til langfasadane mellom bygga.</p> <p>Tilkomst for nødetatar skjer frå veg mot nord, og langs sti frå sør.</p> <p>Det skal vere låg biltrafikk internt i Lyseparken og det blir derfor lagt til rette for kantstopp.</p> <p>Renovasjonsteknisk avfallsplan (RTP) for næringsavfall skal utarbeidast for delområdet. Løysingar for kvart bygg skal omtalast i RTP.</p>
Parkeringsløysing <ul style="list-style-type: none"> ▪ Sykkel ▪ Bil ▪ Gjesteplassar 	Parkering (både for bil og sykkel) hovudsakleg i parkeringskjellar eller tilkomstetasje. Noko gjesteparkering og sykkelparkering kan skje på terreng ved hovudtilkomst.
Energiløysingar <ul style="list-style-type: none"> ▪ Tilknytting til nett ▪ Lokale løysingar 	Ja.



Utdrag av illustrasjonsplanen som viser KBA2



Perspektiv mot aust



Perspektiv frå gateplan mot søraust



Perspektiv og oversikt mot nord

Delområde	KBA3 (Kombinert bygge- og anleggsfremål)
Innhald (Områdeprogram)	Helse/ farmacia og kontor
Areal	23 500 m ²
Utnyttingsgrad	180 % BRA
Planeringshøgder	k+81m, k+84.5m, k+86m, k+91m
Skildring av <ul style="list-style-type: none"> ▪ Arkitektur ▪ Byggehøgder 	Området har karrétypologi som følger vegform og friområde, og som samstundes opnar seg opp mot den grønne korridoren gjennom KBA3, -4 og -6. Bygningshøgdene er avtrappa etter terrengprofilane og for å trekke inn dagslys frå sør. Feltet må sjåast i samheng med felta KBA4 og KBA6 som har same typologi. Byggehøgde er satt til inntil 22 m over gjennomsnittleg planert terreng.
Landskap/utomhus <ul style="list-style-type: none"> ▪ Blå-grøn struktur ▪ Markdekke ▪ Planting ▪ Lys og skilt ▪ VA-rammeplan 	Den grønne korridoren sentralt i området pregast i stor grad av naturleg vegetasjon, men med innslag av semipermeable overflatar som gjev tilkomst for køyretøy ved naudstilfelle. Overvatn i dagen vert nytta som ressurs som vassvegar, vassbed og vass-spegl og følger den grønne strukturen. Nivåovergangar løysast på ein så naturleg måte som mogleg, utan for mange høge murar. Felles lys- og skiltplan skal følgjast. Området høyrer til nedslagsfelt B. Nedslagsfeltet er ikkje stort nok til opparbeiding av ein bekk med vatn i ein normalsituasjon. Uteareal skal opparbeidast med grønne uteareal som skal gi plass til overvatn og er utforma slik at grøntområde har kapasitet til å ta unna vatn ved flaumsituasjonar. Grønne tak på bygga og infiltrasjon i regnbedd kan nyttast som tiltak for å sikre infiltrasjon/fordrøyning.
Tilkomst <ul style="list-style-type: none"> ▪ Køyrande ▪ Syklande ▪ Gåande ▪ Varelevering ▪ Nødetatar ▪ Intern buss ▪ Renovasjon 	Det er to avkøyrslar til området som gjev tilkomst til parkering, parkeringskjellar og snuareal. Tilkomst til bygg KBA3.1 skjer frå sør med hovudinngang på hjørnet mot veg. Sykkelparkering vert lagt på terreng langs sør-fasade mot veg og i parkeringskjellar. Nedkøyring til parkeringskjellar samt varelevering skjer lenger nord. Tilkomst til KBA3.2 skjer frå nord med hovudinngang på nordfasaden mot det nordaustre hjørnet. Sykkelparkering vert lagt langs fasade mot nord og i parkeringskjellar. Varelevering og innkøyring til parkeringskjellar skjer i nordaustre hjørnet av feltet i kombinasjon med noko parkering på terreng. Tilkomst for naudetatar langs fasadar utan vegtilkomst skjer via semipermeable overflatar. Det skal vere låg biltrafikk internt i Lyseparken og det vert derfor lagt til rette for kantstopp. Renovasjonsteknisk avfallsplan (RTP) for næringsavfall skal utarbeidast for delområdet. Løysingar for kvart bygg skal omtalast i RTP.
Parkeringsløysing <ul style="list-style-type: none"> ▪ Sykkel ▪ Bil ▪ Gjesteplassar 	Parkering (både for bilar og sykkel) skjer hovudsakleg i parkeringskjellar. Noko bilparkering og sykkelparkering kan leggast på terreng ved hovudtilkomst ved KBA3.1.
Energiløysingar <ul style="list-style-type: none"> ▪ Tilknytting til nett ▪ Lokale løysingar 	Ja.



Utdrag av illustrasjonsplanen som viser KBA3



Perspektiv mot vest



Perspektiv frå gateplan mot nordaust



Perspektiv og oversikt mot nord

Delområde	KBA4 (Kombinert bygge- og anleggsfremål)
Innhald (Områdeprogram)	Helse/ farmacia og kontor
Areal	27 550 m ²
Utnytingsgrad	180 % BRA
Planeringshøgder	k+87m, k+90m, k+95m, k+97m
Skildring av <ul style="list-style-type: none"> ▪ Arkitektur ▪ Byggehøgder 	Området har karrétypologi som følger tilstøytande vegform og friområde, og som samstundes opnar seg opp mot den grønne korridoren gjennom KBA3, -4 og -6. Bygningshøgdene er avtrappa etter terrengprofilane og for å trekke inn dagslys frå sør. Feltet må sjåast i samanheng med felta KBA3 og KBA6 som har same typologi. Byggehøgde er satt til inntil 22 m over gjennomsnittleg planert terreng.
Landskap/utomhus <ul style="list-style-type: none"> ▪ Blå-grøn struktur ▪ Markdekke ▪ Planting ▪ Lys og skilt ▪ VA-rammeplan 	Den grønne korridoren sentralt i området pregast i stor grad av naturleg vegetasjon, men med innslag av semipermeable overflatar som gjev tilkomst for køyretøy ved naudstilfelle. Overvatn i dagen vert nytta som ressurs som vassvegar, vassbed og vass-spegl og følgjer den grønne strukturen. Nivåovergangar løysast på ein så naturleg måte som mogleg, utan for mange høge murar. Felles lys- og skiltplan skal følgjast. Området høyrer til nedslagsfelt B. Nedslagsfeltet er ikkje stort nok til opparbeiding av ein bekk med vatn i ein normalsituasjon. Uteareal skal opparbeidast med grønne uteareal, som skal gi plass til overvatn, og er utforma slik at grøntområde har kapasitet til å ta unna vatn ved flaumsituasjonar. Grønne tak på bygga og infiltrasjon i regnbedd kan nyttast som tiltak for infiltrasjon/fordrøying.
Tilkomst <ul style="list-style-type: none"> ▪ Køyrande ▪ Syklende ▪ Gåande ▪ Varelevering ▪ Nødetatar ▪ Intern buss ▪ Renovasjon 	Det er to avkøyringar til området som gjev tilkomst til parkering, parkeringskjellar og snuareal. Tilkomst til KBA4.1 og KBA4.2 skjer frå sør med hovudinngong langs veg. Sykkelparkering skjer på terreng langs sørfasade mot veg og i parkeringskjellar. Nedkøyring til parkeringskjellar skjer i same område som varelevering, lengre mot nord/sentralområdet. Tilkomst til KBA4.3 og KBA4.4 skjer frå nord med hovudinngong på nordfasadane. Sykkelparkering skjer langs fasade mot nord og i parkeringskjellar. Varelevering og innkøyring til parkeringskjellar skjer mellom bygga i kombinasjon med noko parkering på terreng. Tilkomst for nødetatar langs fasadar utan vegtilkomst skjer via semipermeable overflatar. Det skal vere låg biltrafikk internt i Lyseparken og det blir derfor lagt til rette for kantstopp. Renovasjonsteknisk avfallsplan (RTP) for næringsavfall skal utarbeidast for delområdet. Løysingar for kvart bygg skal omtalast i RTP.
Parkeringsløysing <ul style="list-style-type: none"> ▪ Sykkel ▪ Bil ▪ Gjesteplassar 	Parkering (både for biler og sykkel) skjer hovudsakleg i parkeringskjellar. Noko gjesteparkering for bil og sykkel kan finne stad på terreng ved hovudtilkomst.
Energiløysingar <ul style="list-style-type: none"> ▪ Tilknytting til nett ▪ Lokale løysingar 	Ja.



Utdrag av illustrasjonsplanen som viser KBA4



Perspektiv mot sørøst



Perspektiv fra gategateplan mot øst



Perspektiv og oversikt mot nordvest

Delområde	KBA5 (Kombinert byggje- og anleggsføremål)
Innhald (Områdeprogram)	Næringsmiddel og kontor
Areal	14 190 m ²
Utnyttingsgrad	130 % BRA
Planeringshøgder	k+91 m og eksisterande terreng.
Skildring av <ul style="list-style-type: none"> ▪ Arkitektur ▪ Byggehøgder 	Ein lamellstruktur definerer området og gjev sikt mot naturlandskap mellom bygga. Byggehøgde er satt til inntil 22 m over gjennomsnittleg planert terreng.
Landskap/utomhus <ul style="list-style-type: none"> ▪ Blå-grøn struktur ▪ Markdekke ▪ Planting ▪ Lys og skilt ▪ VA-rammeplan 	Grønstruktur og sti dannar overgangen mellom delområdet og naturvernområdet. Overvatn vert nytta i dagen til vassvegar, vassbed og vassspegl. Felles lys- og skiltplan skal følgjast. Området høyrer til nedslagsfelt C, som også inkluderer naturvernområdet. Her er det naudsynt å ta i vare vassbalansen i naturvernområdet, og sikre at reint vatn vert tilført dette. KBA5 skal opparbeidast med ein sone langs grensa mot naturvernområdet i form av plantebedd, kor vatnet kan infiltrerast og reinsast før det renn ut til naturvernområdet.
Tilkomst <ul style="list-style-type: none"> ▪ Køyrande ▪ Syklende ▪ Gåande ▪ Varelevering ▪ Nødetatar ▪ Intern buss ▪ Renovasjon 	Det er to avkøyringar til delområdet som gjev tilkomst til bygg, parkeringskjellar og snuareal. Varelevering skjer hovudsakleg i dette området. Nedkøyring til parkeringskjellar skjer frå byggas nordside knytt til varelevering. Hovudinngang på langfasadane mellom bygga. Tilkomst for nødetatar langs fasadar utan vegtilkomst skjer via semipermeable overflatar (grasarmering/brustein). Det vert lagt til rette for låg biltrafikk internt i Lyseparken og det blir derfor lagt til rette for kantstopp. Renovasjonsteknisk avfallsplan (RTP) for næringsavfall skal utarbeidast for delområdet. Løysingar for kvart bygg skal omtalast i RTP.
Parkeringsløysing <ul style="list-style-type: none"> ▪ Sykkel ▪ Bil ▪ Gjesteplassar 	Parkering (både for biler og sykkel) hovudsakleg i parkeringskjellar. Noko gjesteparkering og sykkelparkering på terreng ved hovudtilkomst.
Energiløysingar <ul style="list-style-type: none"> ▪ Tilknytning til nett ▪ Lokale løysingar 	Ja.



Utdrag av illustrasjonsplanen som viser KBA5



Perspektiv mot sørøst




Perspektiv frå gateplan mot sørøst



Perspektiv og oversikt mot nord

Delområde	KBA6 (Kombinert byggje- og anleggsføre mål)
Innhald (Områdeprogram)	Marin og kontor
Areal	20 820 m ²
Utnyttingsgrad	150 % BRA
Planeringshøgder	k+95m, k+105m
Skildring av <ul style="list-style-type: none"> ▪ Arkitektur ▪ Byggehøgder 	<p>Ein stram karrétypologi som heng saman med vegform og som samtidig opnar seg opp mot den grønne korridoren som strekker frå KBA3 til KBA6. Bygningshøgdene trappast ned med utgangspunkt i terrengprofil og for å trekke inn dagslys mot sør. Feltet kan sjåast i samanheng med felta KBA3 og KBA4 som har same typologi.</p> <p>Byggehøgde er satt til inntil 18 m over gjennomsnittleg planert terreng.</p>
Landskap/utomhus <ul style="list-style-type: none"> ▪ Blå-grøn struktur ▪ Markdekke ▪ Planting ▪ Lys og skilt ▪ VA-rammeplan 	<p>Den grønne korridoren sentralt i området er i stor grad prega av naturleg vegetasjon, men innslag av semipermeable overflatar (grasarming/brustein) som gjev tilkomst for køyretøy ved nødstilfelle. Overvatn vert brukt som ein ressurs som vassvegar i dagen, vassbed og vass-spegl.</p> <p>Felles lys- og skiltplan skal følgjast.</p> <p>Området høyrer til nedslagsfelt B. Nedslagsfeltet er ikkje stort nok til opparbeiding av ein bekk med vatn i ein normalsituasjon. Uteareal skal opparbeidast med grønne uteareal som skal gi plass til overvatn og er utforma slik at grøntområde har kapasitet til å ta unna vatn ved flaumsituasjonar. Grønne tak på bygga og infiltrasjon i regnbedd kan nyttast som tiltak for infiltrasjon/fordrøying av regn og overflatevatn.</p>
Tilkomst <ul style="list-style-type: none"> ▪ Køyrande ▪ Syklende ▪ Gåande ▪ Varelevering ▪ Nødetatar ▪ Intern buss ▪ Renovasjon 	<p>Det er tre avkøyrslar til området som gjev tilkomst til parkering, parkeringskjellar og snuareal. Tilkomst til KBA6.1 skjer frå sør med hovudinngang på sørfasade og varelevering i kombinasjon med parkering skjer langs austfasaden. Tilkomst til KBA6.2 skjer frå nord på kote +95m med hovudinngang langs nordfasade. Varelevering og nedkøyring til parkeringskjellar til KBA6.3 skjer langs austfasaden frå aust. Sykkelparkering for alle tre bygg skjer langs fasade mot veg og i parkeringskjellar.</p> <p>Det vert lagt til rette for låg biltrafikk internt i Lyseparken og det blir derfor lagt til rette for kantstopp.</p> <p>Renovasjonsteknisk avfallsplan (RTP) for næringsavfall skal utarbeidast for delområdet. Løysingar for kvart bygg skal omtalast i RTP.</p>
Parkeringsløysing <ul style="list-style-type: none"> ▪ Sykkel ▪ Bil ▪ Gjesteplassar 	<p>Parkering (både for biler og sykkel) hovudsakleg i parkeringskjellar. Noko gjesteparkering og sykkelparkering på terreng ved hovudtilkomst.</p>
Energiløysingar <ul style="list-style-type: none"> ▪ Tilknytning til nett ▪ Lokale løysingar 	Ja.



Utdrag av illustrasjonsplanen som viser KBA6



Perspektiv mot sørøst



Perspektiv frå gateplan mot vest



Perspektiv og oversikt mot nordvest

Delområde	KBA7 (Kombinert byggje- og anleggsføremål)
Innhald (Områdeprogram)	Handverkscenter (t.d. glasmeister, blikkenslager, rørleggjar, byggmeister etc.) og kontor
Areal	12 600 m ²
Utnyttingsgrad	175 % BRA
Planeringshøgder	k+73m, k+71m
Skildring av <ul style="list-style-type: none"> ▪ Arkitektur ▪ Byggehøgder 	<p>To bygg med karrétypologi med rygg mot veg i nord og som opnar seg opp mot tilkomst i sør. Bygga vert trappa ned mot sør.</p> <p>Byggehøgde er satt til inntil 22 m over gjennomsnittleg planert terreng.</p>
Landskap/utomhus <ul style="list-style-type: none"> ▪ Blå-grøn struktur ▪ Markdekke ▪ Planting ▪ Lys og skilt ▪ VA-rammeplan 	<p>Grønstruktur og sti dannar overgangen mellom delområdet og naturvernområdet søraust i delområdet. Ei bruforbinding frå delområde o_BU landar mellom bygga og bringer folk ned på bakkenivå via heis- og trappebygg. Overvatn vert brukt som ein ressurs som vassvegar i dagen, vassbed og vassspegl.</p> <p>Felles lys- og skiltplan skal følgjast.</p> <p>Området høyrer til nedslagsfelt D. Området skal opparbeidast med tiltak for fordrøying av overflatevatn inne på eige tomt. Aktuelle tiltak for fordrøying er permeable dekker, infiltrasjonssandfang og vegetasjon/grøntområde.</p>
Tilkomst <ul style="list-style-type: none"> ▪ Køyrande ▪ Syklende ▪ Gåande ▪ Varelevering ▪ Nødetatar ▪ Intern buss ▪ Renovasjon 	<p>To avkøyringar for køyretøy frå veg mot sør gjev tilkomst til snuareal, parkering på terreng og parkeringskjellar med nedkøyring langs sørfasade. Varelevering i samband med nedkøyring til parkeringskjellar. Tilkomst for nødetatar langs fasadar utan vegtilkomst skjer via semipermeable overflatar (grasarmering/brustein). Hovudinngang på sør-fasaden. Tilkomst også for gåande via bru frå o_BU.</p> <p>Det vert lagt til rette for låg biltrafikk internt i Lyseparken og det blir derfor lagt til rette for kantstopp.</p> <p>Renovasjonsteknisk avfallsplan (RTP) for næringsavfall skal utarbeidast for delområdet. Løysingar for kvart bygg skal omtalast i RTP.</p>
Parkeringsløyising <ul style="list-style-type: none"> ▪ Sykkel ▪ Bil ▪ Gjesteplassar 	<p>Parkering (både for biler og sykkel) hovudsakleg i parkeringskjellar. Noko gjesteparkering og sykkelparkering på terreng ved hovudtilkomst.</p>
Energiløysingar <ul style="list-style-type: none"> ▪ Tilknytting til nett ▪ Lokale løysingar 	Ja.



Utdrag av illustrasjonsplanen som viser KBA7



Perspektiv mot sør




Perspektiv frå gangbru mot sør



Perspektiv og oversikt mot nord

Delområde	KBA8 (Kombinert byggje- og anleggsføre mål)
Innhald (Områdeprogram)	FOU (Forsking og utdanning) og kontor
Areal	16 190 m ²
Utnyttingsgrad	115 % BRA
Planeringshøgder	k+66m, k+64m, k+61m
Skildring av <ul style="list-style-type: none"> ▪ Arkitektur ▪ Byggehøgder 	Ein lamelltypologi som følger parallelt med tilkomstvegen og som vender seg mot Hestetjørna. Byggehøgde er satt til inntil 18 m over gjennomsnittleg planert terreng.
Landskap/utomhus <ul style="list-style-type: none"> ▪ Blå-grøn struktur ▪ Markdekke ▪ Planting ▪ Lys og skilt ▪ VA-rammeplan 	Delområdet er definert av ei todeling, mellom veg og tilkomst på nordsida av bygga og stor grad av planter og sti ned mot naturvernområdet (o_LNA8) i sør. Felles lys- og skiltplan skal følgjast. Området høyrer til nedslagsfelt F og grensar til naturvernområdet. Her er det naudsynt å ivareta vassbalansen i naturvernområdet, samt sikre at reint vatn vert tilført området. Området skal opparbeidast med ein sone langs grensa mot naturvernområdet i form av plantebedd/grøntområde kor vatnet kan infiltrerast og reinsast før det renn ut til naturvernområdet.
Tilkomst <ul style="list-style-type: none"> ▪ Køyrande ▪ Syklende ▪ Gåande ▪ Varelevering ▪ Nødetatar ▪ Intern buss ▪ Renovasjon 	Tilkomstvegen frå nord gjev tilgang for køyretøy, gåande og syklende. Sykkelparkering for alle tre bygg skjer langs fasade mot nord og i parkeringskjellar. Tilkomst for nødetatar langs fasadar utan vegtilkomst skjer via semipermeable overflatar (grasarmering/brustein). Varelevering i samband med nedkøyring til parkeringskjellar. Ein gang- og sykkelsti går gjennom delområdet og går vidare til delområde B2 og KBA9 (gangbru). Det vert lagt til rette for låg biltrafikk internt i Lyseparken og det blir derfor lagt til rette for kantstopp. Renovasjonsteknisk avfallsplan (RTP) for næringsavfall skal utarbeidast for delområdet. Løysingar for kvart bygg skal omtalast i RTP.
Parkeringsløysing <ul style="list-style-type: none"> ▪ Sykkel ▪ Bil ▪ Gjesteplassar 	Parkering (både for biler og sykkel) hovudsakleg i parkeringskjellar. Noko gjesteparkering og sykkelparkering på terreng ved hovudtilkomst, mot nord.
Energiløysingar <ul style="list-style-type: none"> ▪ Tilknytning til nett ▪ Lokale løysingar 	Ja.



